



Oddbjørg Heimark er no med på Hobbyklubb-laget. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Også Hobbyklubben i Bedehuset er på veg inn i eit nytt år og det første treffet i 2008 finn stad måndag kl. 19 fortel leiar Tore Mathiesen til uskedalen.no. Rundt 30 var med før årskiftet og det er ingen grunn til å tru at det blir færre no.

Gruppene er dei same som i 2007. Med andre ord jobbar den nystarta gruppa for film vidare med mobbe-prosjektet og har som målsetting at filmen skal vera klar i mai. Ronny Lakselv har ein innsatsvillig gjeng til

disposisjon.

Neste nummer av Uskedalsposten er temaet for avisgruppa og ellers er både flygruppa, bilgruppa og spelgruppa klare for ny innsats.

Kyrkjelydssekretær og konfirmantlærer Oddbjørg Heimark tek seg no av den siste gruppa og Mathiesen er svært glad for at også ho har vorte med på laget.